



Kapellan Åge Sætre preika under gudstenesta i løa på Skorpo i fjor og mellom dei som var til stades var dei to eldste oppsittarane på øya - Nils Vågen og Johannes Hauge. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Å halda ein somargudsteneste på Skorpo blir ein stadig sikrare tradisjon og søndag ettermiddag skjer det for åttande gongen.

Dei fire første gudstenestene fann stad på den største garden – Oppi Skorpo. Tre av dei var utandørs og ein i den gamle røykstova.

Dei siste fire har gått føre seg i løa på Søre Skorpevågen, som er svært godt eigna for føremålet. Men framfor det som skal skje søndag heiter det at gudstenesten skal vera ute hvis det blir fint ver. Alternativt blir den i løa.

Også i gamle dagar då det budde opptil 30 på Skorpo var det religiøse samkome der frå tid til annan, men gudstenester i vanleg forstand kan ikkje eldre hugse at det vart halde.

Gudstenesten denne gongen startar klokka 14 og ein halv time før går det transport frå Sandakaaien i Uskedalen for dei som ikkje legg ut "på eigen kjø". Det er også eit godt råd å ta med matpakke og noko å sitja på. Men det blir gratis kaffe!

Denne gongen er det fungerande sokneprest John Victor Selle som – kanskje – skal preike i Guds frie natur. Dette blir det nest siste besøket til Selle i Uskedalen før han pensjonerar seg heime i Bergen og blir avløyst av den nye presten. Siste gudsteneste i kyrkja her i bygda (og i prestegjeldet) kjem han til å ha søndag 12. august.

Dei som kjem til Skorpo denne dagen vil få ei heilt spesiell og sterk oppleving. I fjor kom det 50 over sundet og det bør ikkje bli færre denne gongen. Dei vil bli vel mottekne av dei sju som no er fastbuande på øya og som høyrer til to husstandar.

Av Ola Matti Mathisen



Det kom 50 over sundet då det var gudsteneste på Skorpo ifjor. Kjem det like mange i år? (Foto: Ola Matti Mathisen)